

# Ordensreglement for grunnskulane i Vågå kommune

## 1. Heimel

Fastsett med heimel i lov 17.juli 1998 nr 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa  
Opplæringslova: §9a-10 Ordensreglement og §9a-11 Bortvising.

I tillegg til det kommunale ordensreglementet, har den enkelte skule høve til å utarbeide utfyllande reglar tilpassa dei lokale forholda.

## 2. Formål

Ordensreglementet skal gje elevane forutsigbare og trygge rammer. I lag med førebyggjande arbeid skal ordensreglementet brukast for å skape eit godt skulemiljø, som fremjar både helse, trivsel og læringsutbytte. Ordensreglementet skal bidra til å utvikle elevane sine sosiale evner og til å byggje positive relasjonar mellom elevane, og mellom elevane og dei tilsette.

## 3. Verkeområde

Gjeld for alle elevar i 1.-10.klassesteg i Vågå kommune. Reglementet gjeld i skuletida og i skulefritidsordninga, når skulen har ansvaret for elevane. Det betyr i alle typer undervisningsrom, fellesrom, digitale plattformer, uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes på leirskule og andre turar og ekskursjonar i skulen sin regi.

Reglementet gjeld òg på skulevegen.

## 4. Elevane sine rettar og plikter

I alle saker som blir handsama etter dette reglementet, skal elevane sitt beste vere eit grunnleggjande omsyn. Skulen skal ta vare på elevane sin rett til å blir høyrde.

Alle elevar har rett til å blir behandla med respekt og omtanke.

Alle elevar har plikt til å behandle andre med respekt og omtanke.

## 5. Ordensreglar

Elevane skal ha god orden.

Det er god orden å:

- Møte i rett tid på skulen og til undervisninga.
- Ha med det du treng av skulesaker og utstyr til skuledagen.
- Gjera leksene og anna skulearbeid til rett tid.
- Vere på skuleområdet heile skuledagen(dersom anna ikkje er bestemt)
- La lærar samle inn mobilane på starten av skuledagen(8.-10.steg)
- La vere å bruke godteri og brus/energidrikk.

Ved skulane i Vågå er det ulovleg å nytte rusmidlar.

Elevane skal ha god åtfærd.

Det er god åtfærd å:

- Vera høflege og greie med kvarandre
- Halde arbeidsro i timane.
- Bruke og ta vare på området, hus og utstyr til det det er meint til.
- La alle som vil, vera med i leiken/aktiviteten. Følgje reglane for leiken/aktiviteten.
- Rydde på plass utstyr etter bruk.
- La mobilklokker vere i skulemodus.
- La mobilen liggje avslegen i sekken og ikkje ta opp denne før du er ute av skuleområdet(1.-7.steg)
- Melde frå til ein vaksen om ein ser nokon som ikkje har det bra.
- Å nytte Stopp-regelen.
- Høyre på og lyde dei vaksne.

## 6. Tiltak ved brot

Tiltak ved brot på reglementet:

- Rettleiing av eleven.
- Bli vist ut av leiken/aktiviteten.
- Telefon heim frå kontaktlærar. Eventuelt samtale med lærar/rektor og involvering av føresette.
- Pålegg om å rette opp skade som er gjort på skulen sin eigedom (til dømes rydde, vaske).
- Dersom ein øydelegg skulen sitt materiell, kan ein måtte erstatte dette med inntil kr. 5000,- etter lov om skadeerstatning (Skadeerstatningslova §1-2).
- Gjenstandar som ulovleg blir tekne med/blir brukte, vil bli tekne inn og kan hentast av føresette ved skuleslutt same dagen. (ulovlege gjenstandar kan t.d. vere kniv/våpen/fyrstikker/lighter/rusmidler)
- Ved grove brot på ordensreglementet blir heimen kontakta. Dette gjeld ved t.d. mobbing, skadeverk eller bruk av rusmidlar.
- Bortvising frå undervisning(Oppplæringslova § 9a-11):
  - resten av skuledagen(1.-7.steg)
  - inntil 3 dagar(8.-10.steg)Føresette blir kontakta. Melding til politiet kan bli vurdert i alvorlege tilfelle.

## 7. Sakshandsaming

Skulen skal sørgje for at avgjerder blir tekne på eit forsvarleg grunnlag. Eleven sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn. Før det blir teke avgjerder om tiltak, blant anna bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda, jf. Opplæringslova §9a 10-11. Denne uttaleretten gjeld i høve til alle type tiltak, og elevane har rett til å uttale seg direkte til den som skal fatte avgjerda. Kor utførleg dette vert handsama, vil variere med alvorlighetsgraden av regelbrotet. Brot på ordensreglementet skal handsamast på lågast mogleg nivå.

Alle reaksjonar skal grunngjevast skriftleg og det skal lagrast i elevmappa til eleven.

## **8. Fråvær**

Fråvær, til dømes ved sjukdom, dødsfall i nær familie og anna akutt, skal meldast til skulen snarast. Dette kan gjerast ved å ringe eller sende melding til klassetelefon/teamtelefon. Meldinga er motteken når sendaren har fått attende stadfesting.

Dersom eleven skal søkjast fri, kan ein søkje kontaktlærer om fri i inntil to dagar. Permisjon over fleire dagar skal det søkjast om til skulen ved rektor på eige skjema i god tid før fråværet, og minst ei veke før (Opplæringslova §2-11). Retningslinjer og søknadsskjema finn de på heimesida til Vågå kommune.

## **9. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.08.2022. Samstundes vert kommunal forskrift av 01.09.2012 om ordensreglar for grunnskulen i Vågå oppheva.